


Veteranplan

For kommunane Gjesdal, Hå, Klepp, Sandnes og Time



Innholdsfortegnelse

Forord	2
Grunnlaget for veteranplanen	3
Mål	3
Verdsetjing	4
Ivaretaking	5
Oppfølging	6
Forsvaret sitt tilbod.....	8
Informasjon og kontakt for veteranar og pårørande	10

Forord


Det er ei glede for oss ordførarar å kunne presentere ein sams veteranplan. Denne planen viser korleis kommunane Hå, Time, Klepp, Gjesdal og Sandnes vil arbeide for å synleggjere det viktige oppdraget veteranane har utført for fred og fridom gjennom sine internasjonale oppdrag.

Veteranplanen er ei viktig og tydeleg anerkjenning av veteranane sin innsats. Veteranarbeidet i kommunane er tufta på desse prinsippa: verdsetjing, ivaretaking og oppfølging. Samstundes ønsker vi å løfte fram veteranane som ressursar i lokalmiljøet. Vi kan verte flinkare til å nytte deira erfaringar og ressursar mellom anna gjennom informasjonsarbeid i skulane.

Det er vår von at denne planen skal bidra til å gjøre det lettare for den einskilde veteran, og vise lokalsamfunnet kva ressursar dei representerer.




Frode Fjeldsbø
ordførar i Gjesdal



Jonas Skrettingland
ordførar i Hå



Ane Mari Braut Nese
ordførar i Klepp



Stanley Wirak
ordførar i Sandnes



Reinert Kverneland
ordførar i Time

Grunnlaget for veteranplanen

Det er et samfunnsansvar å ivareta veteranar frå internasjonale operasjoner.

Sidan 1947 har 100 000 nordmenn tenestegjort i internasjonale operasjoner. Dette omfattar 100 operasjoner på fire kontinent. Sidan FN-operasjonen starta i Libanon i 1978 har meir enn 40 000 soldatar medverka i fredens teneste for Noreg og det internasjonale samfunnet.

I Jærkommunane er det rundt 690 veteranar som tenestegjorde i perioden frå 1978 og fram til i dag. Veteranane fordeler seg på dei ulike kommunane slik:

Gjesdal: 65

Hå: 57

Klepp: 74

Sandnes: 410

Time: 84

Jærkommunane sin veteranplan bygger på Regjeringa sin oppfølgingsplan og målsettinga er å auka verdsetjing, ivaretaking og oppfølging.

Planen er utarbeidd i samarbeid med Forsvarets veteranteneste, Regionalt ressurssenter om vold, traumatisk stress og sjølvmordsførebuing (RVTS), Skadde i internasjonale operasjoner (SIOPS), og Norges Veteranforbund for Internasjonale Operasjoner (NVIO).

Ved utarbeidinga av veteranplanen har Jærkommunane støtta seg til både lokalt og nasjonalt kompetansemiljø.

Mål

Måla for kommunen sin veteranplan:

- Verdsetje, ivareta og følgje opp veteranane. Både under og etter internasjonal teneste for Noreg
- Gjere det enklare for kommunane å fylle rolla som tenesteytar for veteranane sitt behov i lokalsamfunnet
- Auka samhandling i kommunane og medverka til at veteranar og familiær blir møtt med gjennomgåande kompetanse og forståing
- Fungere som eit heilskapleg opplysnings- og informasjonsdokument for veteranar, kommunen og lokalsamfunnet
- Veteranane skal vere ein ressurs i dette arbeidet generelt, og i skolen spesielt.

Jærkommunane har kome fram til 11 tiltak som markerer ein vidareføring av kommunens veteranfokus, og vil fungere som en inspirasjon til vidare arbeid for å fremje veteranar si rolle i samfunnet.

Verdsetjing

Kommunen skal verdsetje veteranane for den innsatsen dei har gjort gjennom sin deltaking i internasjonale operasjoner. Det kan vere ulike oppfatninger om grunnlaget for norsk deltaking i krig og konflikt. Uavhengig av dette fortener den enkelte veteran verdsetjing og respekt for viljen til å risikere liv og helse for landet.

Seremoniar og offentlige markeringer er eit viktig og synleg uttrykk for samfunnet si verdsetjing av innsatsen og den enkelte veteran. Lokale markeringar er av betydning for å famna flest mogleg og medverke til å synleggjere at veteranar også er ein del av lokalsamfunnet.

8. mai er Noregs frigjerings- og veterandag. Dette er den viktigaste dagen for å markere verdsetjing for veteraner frå andre verdskrig og samtidig trekke linjene fram til dagens veteranar. Minnesmerker etter falne frå andre verdskrig finst i mange av landets kommunar. Ytterlegare finst det minnesmerker over falne og innsatsar frå nyare tid.

Tiltak

8. mai, frigjørings- og veterandagen	Kommunane vidarefører sitt årlege 8. mai-arrangement i Vatneleiren. Det er ordføraren i Sandnes saman med ordførarane i Bjerkreim, Eigersund, Finnøy, Forsand, Gjesdal, Hå, Klepp, Kvitsøy, Lund, Randaberg, Rennesøy, Rogaland fylkeskommune, Sokndal, Sola, Stavanger, Strand og Time som inviterer til samling i Vatneleiren. Arrangementet er i samarbeid med HV-08.
FN-dagen	I samband med FN-dagen eller der det vil passe med opplæringsplanar, bør skolane vurdera å nytte lokale veteranar i opplæringa. Dette vil synliggjere veteranane sitt bidrag i internasjonale operasjoner. Veteranforeninga har utarbeidd ei liste med ressurspersonar.

Ivaretaking

Kommunane er ansvarleg for at personar som er busett i kommunen skal få tilbod om naudsynte helse- og omsorgstenestar. For fastlegar og tilsette i kommunane sine tenestar vil det vere viktig å vite at årsaken til fysiske og psykiske helseplager kan vere belastning i tilknyting til internasjonale operasjonar, også når dette ligg langt tilbake i tid.

Tiltak

Veterankontakt	Kommunane har eigen veterankontakt. Veterankontakten vil ha ansvar for å halde oversikt over kommunen sitt tilbod og ha kunnskap om sentrale aktørar innanfor feltet og det tilbodet dei har. Veterankontakten vil vere kommunen sitt kontaktpunkt for veteranar, for andre samarbeidskommunar, for aktørar innan feltet og for forsvaret. Veterankontakt i alle Jærkommunane: rådmann
Årleg brief	I forkant av 8. mai arrangementet blir det utforma ein årleg pressemelding i Jærkommunane.
Kommunehelsetenesta	Kommunehelsetenesta kan nytta seg av kompetansemiljøet ved RVTS for å halde kurs eller fagdagar kor der er behov.
Nettside	Det blir lagt til rette for informasjon på heimesidene i Jærkommunane .
Informasjonsmateriell	Det blir utarbeidd ei kort infomasjonsside der det blir vist til tiltaka i veteranplanen.



Oppfølging

Oppfølging vil skje med bakgrunn i eit definert behov.

I dei tilfella der veteraner har fått problem som følge av sin teneste i internasjonale operasjoner, vil dette også kunne få følgjer for deira familie og pårørande.

Problematikken kan vere kompleks og involvere fleire kommunale instansar.

Samhandling og forståing for dei ulike faginstansanes betydning i handtering av komplekse problemstillingar kan vere viktig for ein heilskapleg oppfølging.

Forsvaret har lagt til rette for at den enkelte veteran kan få overført sin helsejournal frå sin teneste i Forsvaret til fastlege eller andre helse-institusjonar, dersom vedkomande ønsker dette. Forsvaret har dessutan eit avgrensa helsetilbod til veteranar i Forsvarets sanitet ved Institutt for militærpsykiatri og stressmeistring (IMPS) og ved Nasjonal militærmedisinsk poliklinikk (NMP). Dette er eit supplement til sivilt helsevesen og eit lågterskelttilbod for veteranar frå internasjonale operasjoner.

Tiltak

Samskaping	Kommunen, HV-08, og veteranforeiningane i kommunane møtes annakvart år for å evaluere veteranarbeidet. Gjesdal kommune har ansvar for å kalle inn til evaluering. Første gong i 2021.
Skole og barnehage	Kommunen skal gjennomføre tiltak for å auke kompetansen om veteranar, og betydninga av deira erfaring og utfordringar for familien, særskilt barna. Eigenverdi for veteraner å delta i dette arbeidet. Regionalt ressurssenter om vold, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging, RVTS kan brukas som ein ressurs.
Kompetanse og informasjon til veteranar og/eller fagpersonar i Jærkommunane	Jærkommunane kan ved behov og i samarbeid med Regionalt ressurssenter om vold, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging, RVTS og BUFETAT, legge til rette for fagdagar på relevante tema for veteranar.

	Nasjonal Veterankonferanse i regi av Forsvaret – kommunane bør prioritera å delta på denne konferansen.
Kommunehelsetenesta	<p>Kommunen sin helsestasjon skal vere merksame på eventuelle behov for ekstra støtte og rettleiding til familiar der eit familiemedlem er, eller har vore i internasjonale operasjonar.</p> <p>Helsesjukepleier skal sikra oppfølging til familien, og ha eit særleg auge for barna i familien som ein møter på helsestasjonen og skolehelsetenesta.</p> <p>Helsesjukepleier kan vere ein god støtte for familien og kan gi informasjon om andre støtte- og hjelpetilbod.</p> <p>Når tenestene skal samordnast skal kommunen vurdere å etablere ansvarsgrupper, og sikre at veteranane får eit tilbod som er tilpassa behovet.</p>



Forsvaret sitt tilbod

Forsvaret har ei rekke tilbod til veteranar og deira familiar både før, under og etter teneste i internasjonale operasjonar. Forsvaret har eit oppfølgingsansvar i eit år etter heimkomst. Nokre tilbod og kontaktpunkt kan nyttast heile livet.

Det er viktig å etablere eit godt sivil-militært samarbeid der det er naturleg. Kommunen bør ha eit lokalt samarbeid med Forsvaret der dei har avdelingar. Forsvarets veteraneneste vil kunne vere eit kontaktpunkt for kommunane.

Før, under og etter operasjonen

Før utreise arrangerer Forsvaret fellessamling for soldatane og deira familiar. Her får familien informasjon om operasjonen og tryggleiksituasjonen. De får også tips og råd om korleis ein best kan ta vare på barn og forhold. Familien får også møte andre pårørande.

Under utanlandstenesta har Forsvaret ein 24-timers kontakttelefon for pårørande. Via denne telefonen kan viktige meldingar formidlast til dei som er ute. Forsvaret arrangerer familiesamlingar undervegs der det er føremålstenleg, og vidareformidlar informasjon frå operasjonsområdet til dei pårørande.

På vei heim frå operasjonen har dei som er i teneste som regel et opphold på to til tre dagar, kalla mellomlanding. Overgangen til livet heime er ofte stor. Under mellomlandinga blir det gjennomført debrief, samtale med psykolog og erfaringsinnsnitt. Ved heimkomst til Noreg blir det halde ein medaljeseremoni for å heidra soldatane. Pårørande blir invitert til seremonien.

Året etter heimkomst har Forsvaret eit oppfølgingsansvar. Etter tre til seks månader får alle ein førespurnad frå Forsvaret. Her blir det stilt ein del spørsmål om korleis den første tida etter heimkomst har vore. Etter eit år arrangerer Forsvaret ei samling kor personell møtes igjen for å dele erfaringar om korleis det var å kome heim. Her deltar psykolog.

Forsvarets oppfølgingsplikt blir avslutta etter eit år frå heimkomst. Alle kan likevel når som helst kontakte Forsvaret for spørsmål og informasjon om rettar, hjelp og tilbod.

Forsvaret sitt veteransenter

Senteret ligger på Bæreia, utanfor Kongsvinger, og er eit rekreasjons- og aktivitetstilbod som kan nyttast av veteraner og deira familiar.

Forsvarets veteransenter kan brukast både før, under og etter teneste i internasjonale operasjoner, og tilbyr mellom anna:

- Gratis opphold for veteranar og familiemedlemmar før, under og etter teneste i internasjonale operasjonar. Senteret kan også nyttast under permisjon frå utanlands teneste.
- Gjensynstreff for avdelingar.

Forsvaret si «Åpen dør»

«Åpen dør» for veteranar og veteranfamiliar er eit tilbod til alle veteranar og deira familiar. Her kan ein få svar på spørsmål om dekorasjonar, dokumentasjon og internasjonale operasjonar, råd og rettleiing om Forsvarets og samfunnets ulike tilbod til veteraner – uavhengig av når og kor tenesta var.

«Åpen dør» består av eit tverrfaglig team med både militært og sivilt tilsette. Teamet har lang erfaring med å gi råd og rettleiing til veteraner og deira familiar. De fleste i dette teamet er også sjølv veteraner frå internasjonale operasjoner.



Informasjon og kontakt for veteranar og pårørande

Forsvarets opne dør for veteranar:

Kontakt: veteraner@mil.no eller tlf 800 85 000
(kl. 0800-1500 på kvardagar)

Veteranforbundet SIOPS - Skadd i internasjonale operasjoner

Hjelp til oppfølging og rettleiing i møtet med det offentlege, juridisk hjelp og eksperthjelp innan økonomiske spørsmål.
www.siops.no, Tlf. 22 69 56 50

NVIO - Norges Veteran forbund for internasjonale operasjoner

<https://nvio.no/lokalforeninger/nvio-rogaland/>
E-post: nviorgaland@gmail.com

Kameratstøtte.no - Ein nettbasert rettleiingsteneste for veteranar og familien. Drives i samarbeid med NVIO og Mental Helse.

Kameratstøttetelefonen 800 48 500 - Ein landsdekkande, døgnbemannet hjelpetelefon kor du får snakke med ein som har tenestegjort utanlands. Du kan vere anonym.

Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og sjølvmordsførebuing, RVTS Vest - rvtsvest.no

Tlf. 55 97 66 95

Forsvarets sanitet/IMPS/NMP

Tlf: 23 09 79 30

NAV - tlf. 55 55 33 33

Kompetansemiljøet for veteransaker

Kontakt:

Mette Seland Pettersen, tlf. 404 92 115
Gunn Strand, tlf. 907 03 355
Cark Bergsvik, tlf. 924 77 220

E-post: veteran@nav.no

Kommunal veterankontakt

Trenger du hjelp til noe?

Fastlege - helsenorge.no/kontakt-fastlegen

Familievernkontoret – 51 53 81 50

Teneste- og koordineringskontoret – 51 61 43 70

Kirkens Bymisjon – 51 68 31 70

Alternativ til vold – 51 93 43 43 stavanger@atv-stiftelsen.no